



Arkiv: K1 - 016
JournalpostID: 16/2770
Sakshandsamar: Inger Johanne Helle Breidvik
Dato: 13.04.2016

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
024/16	Kommunestyret	20.04.2016

Godkjenning av valoppgjer - folkerøysting om kommunereforma

Valstyret sitt framlegg til vedtak:

Valstyret si tilråding:

Valoppgjer for lokal folkerøysting i høve kommunereforma i Askvoll kommune 4. april 2016 vert godkjent.

20.04.2016 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting - samrøystes:

KOM-024/16 Vedtak:

Valoppgjer for lokal folkerøysting i høve kommunereforma i Askvoll kommune 4. april 2016 vert godkjent.

Kva saka gjeld:

Godkjenning av valloppgjer for lokal folkeavrøystinga 2016 i Askvoll kommune slik dette er gjennomført 4. april 2016. Kommunestyret gjer vedtak på bakgrunn av valstyret si innstilling. Kopi av underskriven møtebok for valstyret føl med som vedlegg til innstillinga.

Saksutgreiing:

Det var 2488 røysteføre ved folkerøystinga i Askvoll. 1260 personar røysta, dvs at frammøte var på 50,6%.

Det vart røysta over følgjande alternativ:

A JA Askvoll kommune slår seg saman med ein eller fleire av følgjande kommunar;
Fjaler, Hyllestad og Solund (HAFS)

B JA Askvoll kommune slår seg saman med ein eller fleire av følgjande kommunar;
Førde, Gauldal, Jølster og Naustdal (Liten Sis)

C NEI Askvoll kommune slår seg ikkje saman med andre kommunar

Folkerøystinga om kommunereforma gav følgjande resultat:

302 røyster for alternativ A (24%)

454 røyster for alternativ B (36%)

504 røyster for alternativ C (40%)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**Vedlegg i saka:**

13.04.2016	Møtebok for valstyret - folkeavrøysting om kommunereforma	132580
------------	--	--------